

# Oppsummering referansegruppemøte 1

Hans Georg Schaathun

8. september 2017

**Frammøtte:** emneansvarleg. Frå Shipping Management: Anette, Tor Erik, Hanna, Didrik. Frå Biomarin innovasjon: Emma, Jørgen, Espen.

## 1

*Korleis går det? Er de pessimistar eller optimistar med tanke på resten av emnet?*

Det er litt både/og eller korkje/heller.

Det er bra at førelesar legg vekt på å få med seg alle.

Quizzen verkar bra, men kan ta for mykje fokus. Tekniske problem stel ein del tid, og på algebraiske svar er det ei utfordring å gissa seg til korleis svaret skal noterast. Fleirsvar-soppgåver stel mindre tid, og arbeidskravsystemet omfattar gode døme der fleirsvar-soppgåver er vanskelege nok. Dei mest vanlege feila er lista som alternativ dei òg. Dersom ein skal bruka algebraiske svar, so vil det vera nyttig med eit lynkurs i notasjon.

**Refleksjon** Algebraisk notasjon er ei utfordring i quizsystemet. Når systemet berre vert brukt i klassa gjer studentane for få oppgåver til å læra effektivt av eigne feil. Dei får heller ikkje utvetydig tilbakemelding, sidan systemet ikkje automatisk rettar svara.

Der er to alternative løysingar. Anten kan ein bruka Moodle/STACK til obligatoriske arbeidskrav, slik at studentane må øva inn syntaks, eller so kan ein leggja eit WYSIWYG-grensesnitt oppå STACK slik at studentane ikkje treng koda notasjonen.

## 2

*Kva fungerer godt?*

Parra døme vart nemnd spontant. Dvs. eit par av oppgåver der den fyrste vert gjort som døme på tavla og den andre vert løyst av studentane, gjerne i gruppe. Dette er utvilsomt noko å byggja vidare på.

Arbeidskravet er effektiv tvangslæring, og det er bra at ein får facit med ein gong. Gruppeøving med individuell hjelp er òg svært positivt.

Der er nokre tekniske problem med arbeidskravsystemet, m.a. innloggingsproblem, men det gjeld berre éi i referansegruppa og eit par studentar totalt.

### 3

*Kva ottest de mest for i emnet?*

Eksamen er kort (dårleg tid). Å propos, er øvingsheftet lov på eksamen?

Meir avanserte tema vert ikkje dekt. Det er viktig å hugsa å rekkja over oppgåver på nivå med eksamen i førelesing.

Der er mange ukjente ord, særleg når ein blar litt framover i boka. Føresar kommenterer at der er eit stort vokabular som vert brukt i kapittel 1. Dette burde vera kjent på førehand, og det er klart at utfordringa vert stor når ein ikkje er stø i matematikk frå grunnskulen og vidaregåande. Utover i boka kjem der færre nye ord, og dei som kjem vil ein bruka tid på.

Studentane er fokusert på eksamen. Dei ynskjer teknikkar som dei kan bruka, og er ikkje motiverte for bakgrunnsinformasjon.

Der er ynskje om fleire tekstoppgåver. Det er det lite av i boka. Nokre er brukt på førelesing. Tilleggsoppgåver utover boka er ein idé.

**Refleksjon** Fokuset på eksamen og ferdige formlar er ei utfordring. Det er ingen tvil om at når eksamen er motivasjonen so må nytt stoff relaterast til eksamen. Det er heller ingen tvil om at ein-sidedig fokus på formlar gjev teknikkar som ein ikkje evnar å bruka i praksis. Det er òg vanskeleg å hugsa teknikkar og reglar utan kontekst. Eg treng å sjå nærare på ballansen mellom forståing og ferdige eksamensteknikkar.

### 4

*Korleis er kurset samanlikna med forventingane på førehand?*

Enklare enn forventa. Gått greit. Forventar å arbeida mykje, opptil 2h/dag i tillegg til organiserte timar.

Bra at føresaren ikkje er tørr. Positivt overraska.

Der har visstnok vore eit forkurs i matematikk ei veke før semesterstart, som enkelt studentar skulle ynskje at dei fekk tilbod om.

## 5 Neste møte

2. oktober kl. 14.15-15